



Kunnskapsdepartementet

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
19.09.2016	16/856 - 3	

Melding om vedtak - Høyring - Forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar ved offentlege innkjøp

Kommunestyret - 087/16:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Austrheim kommunestyre gjer vedtak om å sende inn følgjande svar til høyring – Forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar ved offentlege innkjøp:

§ 5 Terskelverdi og krav til kontraktens varighet

I § 5 i forskrifta står det om terskelverdi og krav til lengde. Arbeidsgjevar skal krevje bruk av lærlingar for kontraktar verdt minst 1,75 millionar kroner eks. mva og med lengde over tre månadar.

Departementet foreslår at dette også skal gjelde rammeavtalar.

Dersom dette framlegget blir gjeldande vil dette føre til at vi ikkje kan nytte små lokale entrepenørar til oppdrag. Ofte er dette bedrifter som er små (1-2 tilsette) og som ikkje har lærlingar tilsett hjå seg.

Kommunen har også eit samfunnsansvar for at lokale bedrifter skal klare seg økonomisk.

Ein vil dermed foreslå at terskelverdien på rammeavtalar blir auka for å unngå at små bedrifter ikkje kan levere inn anbod på tenestekontraktar og byggje- og anleggsarbeid.

§ 7 Særlig behov for læreplassar

Plikta til kravet om lærlingar gjeldt dersom det er særlig behov for læreplassar innafor bransjen. Det er viktig med eit enkelt system som tek lokale geografiske omsyn. I forskriften syner ein til siste offentlege statistikk frå Utdanningsdirektoratet. Denne gjev eit historisk bilete og difor er vi samd i at det må vera ein viss margin før plikta til å stille krav om bruk av lærling inntreff.

Vennleg helsing

Emma Hjelmtveit
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur